



Kvinnherad Folkemusikklag spela 6 spreke slåttar under adventkonserten i Aktivitetshuset søndag kveld. Det vart oppmoda om å nytta høvet til å ta seg ein svingom og fleire gjorde det (biletet)..

I samband med dette spør 2 dansegilde lesarar kvifor det ikkje er gammaldans oftare i Uskedalen.

Dei siktar ikkje til dei store låvedansane som blir avvikla i Dønhauglåven, men mindre dansefestarrangement etter tradisjonelt opplegg andre stader - ikkje minst på Helgheim og i Aktivitetshuset og ikkje minst i nokre av høgtidene.

- Det burde vera mogeleg å få til noko slikt framleis, seier lesarane og minnar om det folkemusikklagets leiar Arne Draugsvoll har sagt: - Eg er redd for at folkedansen går i grav i Kvinnherad.

(Foto: Ola Matti Mathisen)